Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11. | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bruvik
Emne: | Bygdelag: Eidsfjorden.
Oppskr. av: Andr. Leiro | Gard: fleire.
(adresse): Voss. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A

SVAR

Blom. (Burkne. „Bregne")
„Dar e fira slags blomm: Storeblomm å stüa-blomm, gule-blom å rœ-blomm." So sa dei, og alle slagi var visst like gode eller dårlege til for. Elles var nok guleblom halden for den beste. Han voks ikkje so mykje i turkingi. Ein skatte var det aldri snakk om. Rölene vart aldri nytta.

Det gamle var at dei slo - eller skar helst - blom um våren eller fyresumaren fyrr slåtten tok til. Då for kringom skridona og sterta og bar ihop til ei eller onnor hes der ho norast var. Det var eit kaske arbeid. Det tok i ei turrbyra aldri so mange råbgjror. Med vanleg gras er det tvo råbgror på ei turr. - På same tid var det og dei som for ikring i marki og slo blåber-ris (=lyng). Det var som ein heil liten slått fyrr den rette tok til. Dei byrja elles slåtten i utmarki. Der var större viddene. Engslappane heime

2078

II. Attålfor. (2) laut få stå til graset var utvakse. Fyrst litt um cein tok folk til å slå ei „hesjafjödla" heime fyre markaslåtten. Eein gamal mann var so misnögd med at dei slo böen av fyrr dei ansa „markaslåttna". „Eeg minnast korleis da vä för: me nett lëta oppi hesjane heima, å so strökte me åt markjene," sa 'an.

III Annafôr. Raimekar samla dei um hauslane. Dei la könkane i tunnar og slo sukkevatn på. Slik stod det surna. Det var grisen som fekk dette.

V. „Särpefor".
Hakk var mykje brüka til naut, helst mjölkekyr. Det var nokso fast å gje dei eit mål på dagen. Hakkemaskinar kom alment i brük fyre 1900. Dei hakka ringt (skjemt) höy, halm, potetris og blöytte det i ei tunna (så). Varmt vatn var kje i brük når hakket skulle stå i blöt ei tid. Varmt vatn slo dei yver höy som dei gav med same.
Hakket gav dei i stampar. Det var lagga kjerald som tok so pålag 15-20 liter og hadde ein öyrnastav og ~~steindom~~ tvo, ~~ein på~~ rett mot kvarandre.
Det måtte helst vera ei mjöldust på stampane. Nybærar fekk ofte varm stamp og jamt varmt drikka.
Sükkevatn, mjölkeskôl, mysa var godt å ha i. Dei drog i hop sunstampar um

2078
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sumaren av allslags avfall frå huset.
Agner el. dumba gjekk i lag med hakket.
Drav var halde for sers godt. Men det
vart no berre ein sleik ein gong for
vinteren. Hesten, kyri eller grisen fekk det
ettersom kvar var best unnt.

VI Fiskeavfall. Slikt var det like med.
Folk kjøpte stundom turka fiskehovud og
fiskebein til kyrne. Men det var um sumaren
dei fekk dette. Då var dei rivande galne
etter slikt. Sild som var sur og ubenleg
til folkemat, kjøpte dei og. Det vart bruka
både vinter og sumar.
Og so gav dei kyrne bein. Store, harde
bein, leggbein og skoltar slo dei sund-
tennene skilde dei av, dei var for harde.
Kyrne var radt rusande etter bein. Dei
stimla til so dei mest vilde trakka buleia
ned, og dei togg bein so det knarka.
Slevone hekk som taumar og knappane
på horni skrangla.
Det var fire målider um dagen
for beiti. Um morgonen - fyrste stiet;
når dei hadde mjølka og vørt av, var
det andre stiet. So fekk dei til nons i
fire-tidi og til kvelds. Beit fekk dei
oppi båsen sist - med same folk gjekk av
floren fyremiddag eller um kvelden - eller
båe gongene.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING